

BREMNES FRYSERI



ÅRSMELDING

08

BREMNES FRYSERI er i dag eit eigedomsselskap og eig BREMNES SEASHORE som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking og foredling. BREMNES FRYSERI eig og 49% av SALMON BRANDS som driv distribusjon og sal av SALMA.

INNHALD

Først i 1937 – fremst i dag	4
Nøkkeltal	6
Vekst og utvikling	7
Om oss - Lokasjonar	8
Oppdrett	10
Slakting og pakking	13
Foredling	14
Sal	15
Frå start til mål	16
Fokus på trygg og god mat	20
English version	21
Styret si årsmelding	24
Resultatrekneskap	27
Notar til rekneskapen	31
Revisor si melding	43



Foto: Trygve Indrevik

SALMA ER DEN BESTE LAKSEN I VERDA.
DET KAN EG STADFESTA.

Paul Bocuse, l'Auberge du Pont de Collonges

SALMA er ein superfersk skinn- og beinfri lakseloin laga av laks frå BREMNES SEASHORE.



Olav Svendsen var ikkje gamle karen då han i 1937 byrja å ta i mot tang og tare på kaiene heime i Øklandsvågen. Faren, Ole Svendsen, skjøna at sonen hadde sans for kjøp og sal, og Olav fekk difor snart ansvar for mottaket av villaks og hummar, som hadde vore grunnlag for drifta i den gamle handelsstaden Øklandsvågen i fleire hundre år. I 1946 vart det sett i gong ei stor utbygging og verksemda vart flytta over vågen til Kvednavikjo.

I åra etter krigen tok Bremnes Fryseri i mot makrell, kjøpte utstyr til hermetikkfabrikk og la ned makrellrogn på boks. Det var óg mottak av reker, krabbe, størje og sei. Det store pigghå-eventyret starta midt på 1950-talet, og skulle vara i nær 30 år. Ved sida av laks var pigghåen det viktigaste for utviklinga og suksessen til Bremnes Fryseri. Kvednavikjo var på denne tida verdas største pigghå-mottak.

Alt på 1950-talet var Olav Svendsen med og forsøkte å klekkja ut aure. Klekkinga gjekk bra, yngelen kom fram og levde av plommesekken. Lenger kom dei ikkje då, spesialför var enno ikkje på marknaden.

Klekkning av rogn på Goddo og matfiskoppdrett i ein avstengd våg utanfor Øklandsvågen, vart ein suksess fyrst på 60-talet. Dette danna grunnlaget for vidare vekst, og det som starta i det små har vakse slik at Bremnes Fryseri i dag er ei av dei største privateigde oppdrettsverksemdene i landet.

NY GENERASJON OG EI RIVANDE UTVIKLING

Etterkomarane etter Torbjørg og Olav Svendsen senior har etterkvart teke over. Desse eig i dag 100% av aksjane i Bremnes Fryseri, og leiar selskapet. Produksjon og omsetnad er sterkt utvida og selskapet har i dag 18 konsesjonar, 3 setjefiskanlegg og drift i 9 kommunar i Hordaland og Rogaland.



Kvernavik ca 1946



Olav Svendsen Sr, ca 1965

*I mål på under
4 timar*



Frå laksen sym i kaldt sjøvattn til han er ferdig pakka, tek det maksimalt 4 timar. Den unike prosessteknologien mogleggjer foredling av superfersk, skinn- og beinfri SALMA – eit produkt med flott farge, god kjøtkvalitet, fast konsistens og god smak.

Nøkkeltal

/ 1000 NOK

	2008	2007	2006	2005	2004
Driftsinntekter	475620	373010	328662	328394	251455
Driftsresultat	31669	57829	87656	55244	1090
Finansposter	-42391	43788	13122	15010	-14757
Resultat før skatt	-10721	101617	100778	70254	-13667
Sum eigendeler	727143	622053	527681	429899	396223
Sum egenkapital	199669	219548	158858	105856	34167
Netto renteberande gjeld	392814	268808	265764	258986	314417
Eigenkapitalprosent	27.5 %	35.3 %	30.1 %	24.6 %	8.6 %
Bokført verdi pr. konsesjon	2821	2894	3052	3132	3262

Vekst og utvikling

Lakseproduksjonen i Norge er aukande og oppdrettsnæringa sin eksportverdi var i 2008 større enn den tradisjonelle villfiskens sin eksportverdi. Denne trenden ser ut til å forsetta og det er gledeleg at regjeringa legg opp til forsatt vekst. Dette er også i tråd med uttale frå FN om at villfiskressursane aleine ikkje er nok til å forsyna befolkninga i verda med sjømat. Det er innanfor oppdrett veksten må komma. At 2008 også var året då EU endeleg gav norsk laks og aure fri adgang til den europeiske marknaden berre understrekar potensialet som ligg i oppdrettsnæringa.

Det har vært, og det er sterk fokus, frå media og omverda, på korleis oppdrettsnæringa handterer miljøutfordringa. Miljøutfordringa er noko som næringa tar på alvor. Det blir brukt store ressursar på betre utstyr for å hindra rømming. Bare i 2008 vart det brukt 1,9 milliardar kroner på slikt utstyr. Dette har gitt gode resultat og det var en nedgang i rømminga på 65% i 2008 i forhold til 2007. Det er inngått eit forpliktande samarbeid mellom alle oppdrettarane på vestlandet, for å gjera næringa meir fiskehelsemessig- og miljømessig robust og bærekraftig. Dette samarbeidet vil vera svært nyttig i kampen mot biologiske utfordringar.

Det er uforståeleg at kritikken mot bruk av marin fisk til fôr kun blir retta mot oppdrettsnæringa i Norge. Av alt fiskemelet som blir produsert i verda, brukar norsk oppdrettsnæring knapt 10%. Mykje av fiskemelet går til kjæledyr og landbruk. Dessutan er laksen den mest effektive kjøttprodusenten me har. Hadde ein nytta dette fiskemelet til å produsera svin og storfe, ville kjøttproduksjonen blitt meir enn halvert.

For Bremnes Fryseri har året vore noko varierande. Smoltproduksjonen gjekk greit og me satte ut 20% meir smolt i 2008 enn i 2007. Dette for å kunna utnytta potensialet som ligg i konsesjonene våre. Me kjøpte og ein


ny konsesjon i 2008. Dei siste åra har me og regionane me driv i, vore prega av biologiske utfordringar på fisken. Dette har ført til lavare produksjon enn ønskeleg og dermed også høgare produksjonskostnader. Nesten all smolt som vart satt ut i 2008 er vaksinert mot PD. Vaksineringa og andre tiltak som er gjort gjer at me ser optimistisk på 2009.

Nytt anlegg for bearbeiding av laks vart tatt i bruk rett over nyttår. Dette er eit topp moderne anlegg der me har lagt vekt på effektivitet, hygiene og eit godt arbeidsmiljø. Her kan me foredla store delar av lakseproduksjonen vår og få fram Salma og andre produkt med topp kvalitet. Bygget har også plass til nytt slakte- og pakkeanlegg. Når dette er ferdig vil me ha investert godt over 100 millionar kroner i dette anlegget.

Til tross for finanskrisa har me god tru på 2009. Tiltaka som er gjort for å imøtegå biologiske utfordringar, saman med et forventa fall i prisen på laksefôr, gjer at me vil få ein større produksjon til lavare produksjonskostnader. Chile har store problem i produksjonen og kjem derfor til å redusera sin lakseproduksjon kraftig. Sjølv om den totale lakseproduksjonen stig i Norge, vil tilførselen av laks på verdensbasis gå ned. Året 2009 har starta godt med ein høg laksepris. Me forventar at lakseprisen vil halda seg godt gjennom 2009.

Eg vil retta ei stor takk til alle våre tilsette for velvilje, framifrå innsats og godt utført arbeid i 2008. Eg ser fram til eit fortsatt godt samarbeid i 2009.


Olav Svensen jr.



BØMLO



SVEIO



KVINNHERAD



JONDAL



VINDAFJORD



FINNØY



STRAND



SANDNES



FUSA




MATFISK



SETTEFISK



PAKKERI/FOREDLING/ADM.



Bremnes Seashore har oppdrettslokaliteter i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Anlegga er lokalisert i 9 ulike kommunar

Om oss

Bremnes Seashore har sitt hovedkontor i Øklandsvågen i Bømlo Kommune. Her har verksemda halde til frå starten i 1937. I dei siste åra har selskapet hatt stor vekst og gjennomført omfattande investeringar i bygningar og produksjonsutstyr. I tillegg til administrasjon og teknisk avdeling, har ein i Øklandsvågen topp moderne anlegg for pakking og foredling av laks og aure.

Selskapet har også vore gjennom ein kraftig oppgradering når det gjeld settefiskanlegg og oppdrettsutstyr. Bremnes Seashore har i dag 3 anlegg for produksjon av settefisk, eit i Vindafjord og to i Bømlo, samt eigarandel i Sævereid Fiskeanlegg i Fusa. Oppdrettslokalitetane er spreidd på fleire kommunar i Rogaland, Sunnhordland og Hardanger. Totalt har Bremnes Seashore aktivitet på 20 stader i 9 forskjellige kommunar.

Med vekst og aktivitet på så mange stader har det vore viktig for selskapet å ha gode relasjonar til dei ulike kommunane og lokalsamfunna. Selskapet har derfor lagt vekt på å ha ein god dialog med dei forskjellige kommuneadministrasjonane. Bremnes Seashore har også vore ein aktiv støttespelar i samband med ungdomsarbeid, kultur og idrett i mange lokalsamfunn.

Med 175 tilsette på 20 forskjellige stader og 100 tonn med ulike produkt som skal transporterast ut i verda kvar dag, har Bremnes Seashore vore oppteken av gode kommunikasjonar i vårt nærrområde. Trekantsambandet har vore viktig for utviklinga av selskapet, som også har delteke i finansiering av fleire lokale vegprosjekt. Bremnes Seashore er medlem i Bømlo Vegselskap og er aktiv i arbeidet med å forbetra vegstandarden på Bømlo.

SETTEFISK

Bremnes Seashore har tre settefiskanlegg som produserer smolt. Disse anlegga er Gjeravåg og Skålevik i Bømlo og Trovåg i Vindafjord. I tillegg eig selskapet 16,7% av Sævareid Fiskeanlegg. Ein viktig faktor for å lukkast med lakseproduksjon er å ha smolt med god kvalitet. Me har derfor satsa mykje på å bygga ut settefiskanlegga slik at dei held ein god moderne standard. I år har me starta utbygging av Sævareid som skal gi grunnlag for ein klar produksjonsauke.

Dei naturgitte tilhøva ved settefiskanlegga våre er ulike og me har derfor lagt vekt på at produksjonen er tilpassa dei naturgitte forskjellane. På Sævareid er det svært mykje vatn og me produserer derfor den største smolten der. Dei andre anlegga har sine særeigne tilhøve og det er viktig at produksjonen er lagt opp slik at det er nok vatn til fisken i både regnfulle- og tørre år. Det er viktig å ta omsyn til dette for å få ein smolt som veks godt i sjøen.

Kunnskap er nøkkelen for å lukkast med settefiskproduksjon. Me har ein arbeidstokk som har tileigna seg god kompetanse og erfaring. Resultatet av investeringar og ein godt kvalifisert arbeidstokk gir stadig betre smoltkvalitet.

Bremnes Seashore sette i 2007 ut 4,5 mill smolt, av desse blei halvparten levert som ferdige produkt i 2008, resten blir levert i løpet av 2009.



I 2008 investerte Bremnes Seashore over 50 millionar kroner i nytt utstyr for å sikra ein effektiv og miljøvennleg produksjon av laks.



MATFISK

Bremnes Seashore har no anlegg på 17 lokalitetar. Fellesnemnaren til desse lokalitetane er gode straumtilhøve og reint friskt vatn. For å oppnå endå betre tilhøve foretar me stadig justering av anlegga for å sikra optimal plassering på kvar lokalitet. Me nyttar store djupe nøter slik at fisken kan gå ned til 40-50 m djupne. Dette gjer at laksen flyttar seg til den mest optimale temperaturen i sjøen. På djupet er vatnet varmare om vinteren, og kaldare om sommaren. Laksen får dermed ein meir optimal temperatur i større delar av året.

Me har ikkje meir fisk i merdane sjølv om merdane er djupare. Dermed vil tettleiken i merdane vera mykje lågare enn det som myndigheitene har sett som grense. I dei nye merdane med omkrets på 160 m, er tettleiken omlag halvparten av myndigheitskrava. Dette medfører at fisken trivest betre og me får ei betre fiskehelse,

Det siste året har me og starta eit samarbeid med andre oppdrettselskap i regionen. Me skal samordna utsetta på ein slik måte at me får felles brakklegging i store område. Dette vil gi ein positiv effekt på fiskehelsa, Måsettinga er å handsama fisken minst mogleg. Derfor sorterer me ikkje fisken så lenge den er i sjøen. Me oppnår med dette mindre stress for fisken. Bremnes Seashore set ut smolt ulike delar av året for å oppnå ein jamn produksjon året rundt, noko som gir slaktefisk med rett storleik heile året. Me arbeider mykje med ulike tiltak for å oppnå lik kvalitet på fisken heile året.

Me produserte 17 700 tonn i fjor og reknar med å auka produksjonen endå meir i løpet av dei neste åra. Det er investert i mykje nytt utstyr og mange nye lokalitetar dei siste åra. Dette har gitt oss monaleg auka produksjon innanfor dei rammene som ligg i konsesjonsvilkåra. Dei som arbeider på anlegga har gjort ein stor innsats i optimalisering av produksjonsmetodar og utnytting av produksjonsutstyr.

Høg kompetanse hos våre tilsette



Bremnes Seashore legg til rette for utvikling av kompetansen hos dei tilsette. Over 80 personar har teke fagbrev i fag som akvakultur, fiskeindustri og ulike tekniske fag.



Nye produksjonslinjer med hygienisk design

Slakting og pakking

Mestdelen av fisken frå Bremnes Seashore sitt pakkeri blir pakka og og levert til ulike kundar same dag som den vert slakta. I 2008 gjekk omlag 70% som sløyd fisk til ulike kundar over heile verda, resten gjekk til eige foredlingsanlegg.

Også i 2008 auka produksjonen i slakteriet. Totalt blei det pakka 18.300 tonn med laks og aure. Omlag 90% av dette var laks frå Bremnes Seashore sine eigne anlegg. I 1994 då produksjonsanlegget var nytt, blei det produsert 3.500 tonn, av dette var halvparten eigen fisk.

Med ein fem-dobling av produksjonen sidan 1994 har produksjonsanlegg og lokaler etter kvart blitt begrensande for vidare utvikling.

Me har derfor nyleg teke i bruk nytt kjølelager på 800 m² og jobbar vidare med planar for flytting av slakteri inn i ny fabrikk der me har 1200 m² med areal til rådvelde for vidareutvikling av produksjonen. Her vil me satsa på nytt og effektivt produksjonsutstyr for rasjonell drift, høg produktkvalitet og eit godt arbeidsmiljø.



Ny fabrikk, nye maskinar – topp hygiene.

Foredling

Bremnes Seahore har 20 års erfaring med vidareforedling av laks. Heile tida har selskapet arbeidd for å sikra den gode og stabile kvaliteten som ein har på slakteriet i Øklandsvågen. Med fokus på kvalitet, høg innovativ tenking og godt kvalifiserte medarbeiderar, leverer me i dag produkt av unikt høg kvalitet.

Dei siste åra har me arbeidd med nytt bygg som gjev meir rasjonell drift og auka kapasitet. Det har og vore arbeidd mykje med å laga ein fabrikk som i tillegg til volum og effektivitet, tek omsyn til hygiene, kvalitet og trivsel. Den nye fabrikk vil få to produksjonslinjer og vera tilrettelagt for produksjon som ivaretar den høge kvaliteten som produktet har inn til foredling. Bygget vart tatt i bruk i februar 2009.

Tilgang til ordrar har vist ei klart positiv utvikling i året. Produksjon består av, alt frå enkle ferske filetar til meir foredla, fryste filetar pakka i vakum og faste vekter. I tillegg produserer me SALMA for Salmon Brands.

Kvar dag blir det levert ulike produkt i store mengder frå Bremnes Seashore. Produksjonsvolumet i 2008 tilvarer ca 1100 fulle trailerlaster med sløyd laks.

Sal

Norsk laks har i mange år vært marknadsført og har etablert seg som ein naturlig del av det me har på bordet, både i inn og utland. Laks er enkelt å tilbereda, inneheld mykje sunne Omega-3 fettsyrer og er populært for både store og små. Marknadstrenden syner at folk ynskjer eit slikt produkt.

Våre produkt vert i stor grad distribuert gjennom tradisjonelle eksportørar, til mange ulike land i verda. Den største delen havnar på matborda i Europa.

Me sel sløyd laks som ferske og fryste produkt. Selskapet Bremnes Seashore og pakkemerket vårt H-82 er etterspurde varemerke i mange marknader, hos mange krevjande kundar. Våre foredla produkt spenner frå dei enklaste filetar, sushi filetar, til gryteklar porsjonar utan skinn og bein. Den høgaste kvaliteten har SALMA produktet som vert marknadsført og seld saman med Tine i selskapet Salmon Brands AS.

H 82

FRÅ START TIL MÅL


Rogn



Smolt



Produksjon



START

Rogn
(Jan. 06)

Me har utvikla rogn med spesielt gode eigenskapar i samarbeid med stamfiskanlegg.

Yngel
(Mar. 06)

Rogna blir klekt ut og yngelen veks fram i eit ferskvatnanlegg.

Smolt-utsetting
(Apr. 07)

Laksesmolten på omlag 100 gram vert sett ut i sjøen der han veks fram til han kan haustast.

Foredling



Transport



Middag



Hausting (Aug. 08)

Laksen på omlag 5 kilo blir transportert levande frå dei ulike oppdrettsanlegga, til opptak og handsaming ved fabrikkjen i Øklandsvåg.

Distribusjon

Ferdige produkt av ulike slag, blir klargjort og lasta for distribusjon til kundar over heile verda.


MÅL

FISKEVELFERD

Me har eit stort fokus på fiskevelferd og fiskehelse. Ein frisk laks som trivest er også ein laks som veks godt og som gir best mogleg lønnsemd.

Derfor har me valt ut straumrike lokalitetar som gir reint oksygenrikt vatn til fisken. Me har store merdar med djupe nøter slik at fisken har god plass og kan velga å vera i den beste sjøtemperaturen heile tida.

Me gir laksen fôr som er optimalt tilpassa våre tilhøve og tildeler fôret slik at laksen held seg sunn og frisk.



Lakseoppdrett er den mest effektive kjøttprodusenten me har.

Laksen utnyttar fôret betre enn både kylling og gris.

BEREKRAFT

Råvarene i fôr er fiskemel, fiskeolje, soya, kornprodukt og belgfrukt. Mange av råvarene som blir brukt til husdyr og fisk kan og brukast til mat for menneske. Det er likevel slik at det i dag ikkje er marknad for direkte konsum av dei fiskeartane som blir brukt til fiskemel/fiskeolje. Lakseoppdrett er den mest effektive kjøttproduksjonen me har. Laksen utnyttar fôret betre enn både kylling og gris.

I samarbeid med fôrleverandørane våre arbeider me aktivt for å utvikla fôret slik at me utnyttar ressursane betre. I dag kjem ein del av fiskeråstoffet som biprodukt frå filétindustrien. Me brukar også meir rapsolje i dag enn før, slik at me ikkje er så avhengige av fiskeråstoff.

Ein del av fiskebestandane i verda er, eller har vore overbeskatta. Ansvaret for dette ligg på dei myndigheitene som skal forvalta fiskeria. Me stiller krav til fôrleverandørane om at råvarene som blir brukt i fôret skal vera frå berekraftige fiskeri.

Den viktigaste delen av dei marine ressursene er fiskolje. Forskning har vist ei rekke positive helseeffektar av omega-3-fettsyrene EPA/DHA. Me har i dag ei god utnytting av tilgjengeleg råstoff, og våre produkt har den helsemessig beste effekten. Me vil i samarbeid med myndigheter og fôrleveradørar, arbeida aktivt med å balansera uttaket av fiskebestandar og betra utnyttinga av råstoffet ytterlegare.

*Meir plass
og trivsel for alle*



Ein viktig faktor for å lukkast med lakseoppdrett, er å ta omsyn til fiskevelferd og fiskehelse. Me har derfor investert i større merdar og djupare nøter. Dette gir mykje betre plass til laksen. I tillegg kan laksen velga kor djupt i sjøen han ønsker å vera. Laks likar seg best i temperaturar mellom 6 og 14 grader. Om sommaren er det for varmt i dei øvre vasslaga, og om vinteren for kaldt. På djupare vatn er temperaturen meir passeleg. Me gir laksen muligheit til å vandra der han trivest best.

Fokus på trygg og god mat

Kvalitetsstandardar

GLOBALGAP (EUREPGAP) - Bremnes Seashore følger krava i kvalitetsstandarden GlobalGap. Dette er ein standard som gjeld for produksjon av mat. For å sikra kvaliteten gjennom alle ledd blir det også sett krav til slaktning, foredling og sal. Også leverandørar til anlegga, m.a av fôr og rogn, må innfri krava i standarden.

GlobalGap har fokus på fire område:

- Matvaretryggleik
- Miljøvern
- Tilsette si helse, arbeidsmiljø og sikkerheit
- Dyrevelferd

BRC (BRITISH RETAIL CONSORTIUM) - BRC er ein global standard for næringsmiddel som har fokus på trygg mat. Bremnes Seashore fekk sitt første BRC-sertifikat i 2003. Godkjenninga må fornyast kvart år, noko som gjer at me stadig må ha fokus på kvalitetsarbeidet.

Kundar og styresmakter

Kundar - Fleire av kundane våre har eigne kvalitetskrav og følgjer derfor leverandørane sine tett opp, mellom anna ved å utføra inspeksjonar.

Styresmakter - Mattilsynet og Fiskeridirektoratet er to av representantane frå styresmaktene som har jamnleg tilsyn med produksjonen vår. Dei krev at IK-akvakultur skal vera innført på alle oppdrettsanlegg, og at slakteri og foredlingsanlegg skal ha Eigenkontroll.

Kvalitetssikring

Opplæring - Dyktige og engasjerte medarbeidarar er ein føresetnad for å kunna produsera varer av høg kvalitet. Mange av våre tilsette er fagarbeidarar innan fiskeindustriefaget og akvakulturfaget. Nye tilsette får ei innføring i hygiene og HMS (helse, miljø og sikkerheit) i tillegg til dei aktuelle produksjonsoppgåvene.

Kontroll og overvaking av produksjonsprosessane - Mikrobiologiske og kjemiske analysar av produkt, produksjonsutstyr og vatn blir utført i følgje ein eigen kontrollplan. Temperaturmålingar og kontroll av reingjering er også med på å sikra produktkvaliteten. Måling av kvalitetsparametrar som kvalitetsgradering, farge og feittinnhald hjelper oss å produsera fisk med jamn kvalitet og i samsvar med kundespesifikasjonane.

Sporbarheit - Me sikrar at produktene våre er sporbare, dvs. at me kan følgja historia til kvar einaste fisk frå den er rogn til den er eit ferdig produkt. Dette gjer me med eit produksjonssystem som merkar, tar vare på og knyter alle opplysningane til kvar enkelt fisk.

Me arbeider dagleg for å sikra at produkta held ein høg standard. Fiskevelferd og omsyn til miljøet rundt oss er viktige faktorar.



Summary in english

BREMNES FRYSERI is now exclusively a holding company. It owns BREMNES SEASHORE, which is engaged in the production of smolt and marine growers and in harvesting and packing salmon.

KEY FIGURES

In NOK 1 000

	2008	2007	2006	2005
Operating revenues	475 620	373 010	328 662	328 394
Operating profit/loss	31 669	57 829	87 656	55 244
Financial items	-42 391	43 788	13 122	15 010
Pre-tax profit/loss	-10 721	101 617	100 778	70 254
Total assets	727 143	622 053	527 681	429 899
Total equity	199 669	219 548	158 858	105 856
Net interest-bearing debt	392 814	268 808	265 764	258 986
Equity ratio	27.5 %	35.3 %	30.1 %	24.6 %
Book value per licence	2 821	2 894	3 052	3 132

GROWTH/ DEVELOPMENTS

Salmon production in Norway is increasing. In 2008, the value of the fish farming industry's exports was higher than that of traditional wild fish. This trend looks set to continue, and it is positive that the Norwegian government is helping to facilitate continued growth. This is also in line with the UN's statement that wild fish resources alone are not enough to supply the world's population with seafood - the growth in supply must come from fish farming. The fact that 2008 was also the year that the EU finally gave Norwegian salmon and trout exports free access to the European market only serves to emphasise the potential of the fish farming industry.

The media and society at large have focused and continue to focus strongly on how the fish farming industry deals with its environmental challenges. The industry takes its environmental challenges seriously. Large resources have been invested in better equipment to prevent fish from escaping. In 2008 alone, NOK 1.9 billion was spent on such equipment.

A new salmon processing facility was put into operation at the start of this year. It is a modern facility in which the emphasis is on efficiency, hygiene and a good working environment. It is possible to process a large part of our salmon production and to produce and pack Salma and other top-quality products at the facility. The building also has room for a new harvesting and packing facility. When complete, we will have invested well over NOK 100 million in this facility.

Despite the financial crisis, we are optimistic about 2009. The measures that have been implemented to prevent disease, together with an expected fall in the price of salmon feed, mean that we will manage to achieve greater production at a lower cost. There are major production problems in Chile and its salmon production will therefore be substantially reduced. Even though total salmon production in Norway is increasing, the worldwide supply of salmon will decrease. The salmon price was high at the start of 2009. We expect the price of salmon to remain high throughout 2009.

BREMNES SEASHORE's head office is in the Norwegian municipality of Bømlo. The company has been based there since it was formed in 1937. In recent years, the company has undergone significant growth and made major investments in buildings and production equipment.

SMOLT

Bremnes Seashore has three smolt production facilities. High-quality smolt production is an important success factor in salmon production. We have therefore invested heavily in developing the smolt production facility in order to ensure that it has a good modern standard.

MARINE GROWERS

Bremnes Seashore currently has facilities in 17 locations. All the facilities have good access to electrical power and clean fresh water. In order to improve conditions, we continually modify facilities in order to ensure the optimal location for each facility. We utilise big, deep nets that allow the fish to swim at depths of 40 to 50 metres. This allows salmon to move to depths that have an optimal sea temperature. The water is warmer during winter and colder during summer at great depths. The salmon can thereby enjoy a more optimal temperature throughout most of the year.

HARVESTING AND PACKING

The company increased its production in 2008, and it harvested and packed 18,300 tonnes of salmon and trout. Of this total, 16,200 tonnes was salmon produced by the company. In 2008, the company sold most of the fish through traditional exporters and on various markets. We have worked actively to secure a stable harvesting volume.

PROCESSING

Bremnes Seashore has 20 years' experience in salmon processing. Throughout this period, we have worked to ensure good and stable quality at our harvesting plant at Øklandsvågen. Our focus on quality, innovative thinking and well-qualified employees means that we are able to deliver unique, high-quality products.

FISH WELFARE

We focus strongly on fish welfare and fish health. Healthy and satisfied salmon will also grow well and be most profitable.

We have therefore chosen locations with good currents that provide the fish with oxygen-rich water. We have big cages with deep nets so that the fish has plenty of room and can choose to stay in the optimal sea temperature at all times.

We use salmon feed that is best suited to our needs and feed the salmon in a manner that ensures that it stays healthy.

SUSTAINABILITY

The raw materials in the feed are fish meal, fish oil, soya, wheat products and pulses. Many of the raw materials in animal and fish feed can also be used in food for humans. However, there is currently not a market for direct consumption of the species that are used in fish meal/fish oil production. Salmon farming is the most efficient meat producer we have. Salmon utilises feed better than both poultry and pigs.

In collaboration with our feed suppliers, we are working actively to develop the feed in order to better utilise resources. Today, some of the raw materials in fish feed are by-products of the fillet industry. In addition, we use more rape seed oil today than before and are therefore less dependent on fish as raw materials.

Some of the world's fish species are or have been over-fished. The responsibility for this rest with the authorities, who are responsible for managing fisheries. We require our feed suppliers to use raw materials from sustainable fisheries.

Focus on safe and good food

Quality standards

GLOBALGAP (EUREPGAP) - Bremnes Seashore complies with the GLOBALGAP quality standard. GLOBALGAP is a standard for the production of food. In order to ensure the quality in every stage of the process, requirements are set for harvesting, packing and sale. Suppliers to facilities, i.e. of feed and roe, must also meet the standard's requirements.

GLOBALGAP focuses on four areas:

- Food safety
- Environmental protection
- Worker health and safety and the working environment
- Animal welfare

BRC (BRITISH RETAIL CONSORTIUM) - BRC is a global standard for food products that focuses on food safety. Bremnes Seashore achieved its first BRC certification in 2003. The certification must be renewed every year, which means that we must continuously focus on quality assurance work.

Customers and authorities

Customers - Several of our customers have their own quality requirements and therefore closely follow up their suppliers through inspections, among other things.

Authorities - The Norwegian Food Safety Authority and the Norwegian Directorate of Fisheries are official bodies that regularly inspect our production activities. The authorities require the application of the Internal Control Regulations for Aquaculture at all fish farming facilities, and that harvesting and packing facilities also have internal control.

Quality assurance

Training - It is necessary to have skilled and enthusiastic employees in order to produce high-quality products. Many of our employees have craft certificates in the fish processing and aquaculture trades. New employees are given an introductory course in hygiene and HSE (health, safety and the environment) in addition to training in relevant production tasks.

Control and monitoring of production processes - Microbiological and chemical analyses of products, production equipment and water are carried out in accordance with internal control plans. Temperature measurements and inspections of cleaning are also part of ensuring the quality of our products. The measurement of quality parameters such as quality classification, colour and fat content help us to produce fish that has a consistent quality and is in accordance with customer specifications.

Traceability - We ensure that our products are traceable, i.e. that we can follow each individual fish from roe to finished product. We ensure traceability by using a production system based on marking and storing and linking all information to each individual fish.

Styret si årsmelding

VERKSEMMA SIN ART OG LOKALISERING

Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap tilhøyrande Bømlo kommune. Konsernet si verksemd har hovudkontor i Bømlo kommune med avdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing og foredling av oppdretta matfisk.

FINANSIELLE FORHOLD

Konsernet har også i 2008 hatt auka aktivitet i form av høgare biomasse i sjø, vekst i produksjon og auka slaktevolum. Veksten er tilfredstillande og gir konsernet gode høve til vidareutvikling. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivningar (EBITA) vart 60,1 millionar mot tilsvarande 81,0 millionar året før. Konsernet oppnådde i 2008 eit driftsresultat på 31,7 millionar mot 57,8 millionar i 2007. Hovudgrunnen til resultatnedgangen er knytt til mykje sjuk fisk i vår region, noko som og har råka oss. Auke i slaktevolum påverka resultatet i positiv retning.

Konsernet sine netto finanspostar i 2008 utgjer -42,4 millionar mot 43,8 millionar i 2007. Resultat før skatt vart -10,7 millionar mot 101,6 millionar året før.

Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar er kr.-3,1 mill. for konsernet. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar er kr.-110,6 mill. for konsernet. Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar er kr. 114,0 mill. for konsernet.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2008 eit resultat før skatt på -2,8 millionar mot tilsvarande 67,2 millionar i 2007.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar på kr. 17,3 mill. Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar vart kr.-33,7 mill. for selskapet, og netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar kr. 16,8 mill.

Styret meiner at års- og konsernrekneskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

TILSETTE

Ved slutten av året er det 183 tilsette i konsernet fordelt på 85 kvinner og 93 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Uavhengig av ønske om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningssystem, alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

HELSE, MILJØ OG SIKKERHET

Konsernet har verneombod i alle avdelingar og eige arbeidsmiljøutval. Arbeidsmiljøutvalet har haldt 5 møter i 2008.

Verksemda er knytt til bedriftshelsetenesta i nærområdet til avdelingane for å betra lokal oppfølging.

Verksemda har høgt fokus på tryggleik på sjø. Verksemda har investert mykje i nytt, sikrere arbeidsutstyr og har i samarbeid med dei tilsette hatt ein gjennomgang av klede og personleg verneutstyr. Det vert nytta sikrere og meir tekniske plagg i denne delen av drifta, noko som gir både auka komfort og auka tryggleik for dei tilsette.

Det totale sjukefråveret i Bremnes Seashore auka frå 6,8% i 2007 til 7,8% i 2008. All auken er frå korttidsfråver (frå 1 til 16 dagar) som no er 3,0%. Verksemda har høgt fokus på registrering av uønska hendingar. Dette har ført til gode statistikkar og verktøy for oppfølging. Konsernet har etablert trimkampanje og avtale om bedriftsmassasje for dei tilsette.

YTRE MILJØ:

Oppdrettsaktiviteten har i 2008 ikkje hatt rømming av fisk. Me har fokus på best mogleg integrering av oppdrettsanlegga i lokalmiljøet, me har og gjennomført fleire tiltak for å redusera påverknad av nærområdet i form

av støy og lys. Verksemda overvakar nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikra ei berekraftig drift utan negative påverknadar på miljøet.

Det er etablert kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er og returordning for plast og eiga ordning for ensilasje og anna spesialavfall.

SELSKAPET SIN FOU AKTIVITET

I konsernet har ein som målsetting å driva aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbedring av kvalitet på slaktefisk samt utvikling av nye filetprodukt. Selskapet sine Fou-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskningsmiljø.

- Resultatregnskap
- Balanse
- Kontantstrømanalyse
- Notar

Resultatregnskap

Mor 01.01. - 31.12			Konsern 01.01. - 31.12			
2008	2007	Note		Note	2008	2007
6 282 509	5 621 451	2	Salgsinntekt	2	473 892 616	372 110 519
			Anna driftsinntekt		1 727 626	899 867
6 282 509	5 621 451		Sum inntekter		475 620 242	373 010 386
0	0		Beholdningsendring varer		-34 386 795	-47 275 938
0	0		Varekostnad		321 100 660	238 624 493
127 190	205 531	6	Lønnskostnad	6	67 931 228	48 341 959
2 060 155	2 315 967	12	Ordinære avskrivninger	12,13	28 421 096	23 180 271
3 512 495	2 157 307	9	Annan driftskostnad	9	60 885 305	52 311 091
582 669	942 646		Driftsresultat		31 668 747	57 828 509
615 775	1 500 000	7	Resultat frå investering i tilknytt selskap	7	615 775	4 666 942
0	13 622 628		Inntekt på investering i anna foretak		0	3 840 704
85 094	1 140 667		Anna renteinntekt		89 880	2 755 181
5 330 603	60 088 590		Anna finansinntekt		10 800 389	51 483 602
-6 516 000	-4 018 200		Nedskrivning av finansielle anleggsmidler		-6 516 000	-4 018 200
-3 761 244	-6 061 120		Annan rentekostnad		-17 001 862	-14 939 819
0	0		Annan finanskostnad		-30 378 756	0
-3 663 103	67 215 211		Ordinært resultat før skattekostnad		-10 721 829	101 616 917
-866 175	738 409	10	Skattekostnad på ordinært resultat	10	-843 629	15 792 111
-2 796 928	66 476 802		Ordinært resultat		-9 878 200	85 824 806
			<i>Bruk av årsresultatet</i>			
-2 796 928	66 476 802	11	Annan egenkapital		0	0
0	0	11	Innskoten annan egenkapital mv		0	0
0	0		Minoriteten sin andel	11	0	100 060
0	0		Majoriteten sin andel	11	-9 878 200	85 724 746
-2 796 928	23 837 162		Sum bruk		-9 878 200	85 824 806

Balanse


Mor
01.01. - 31.12

Konsern
01.01 - 31.12

2008	2007	Note		Note	2008	2007
			Eigedelar			
			Anleggsmidler			
			Immaterielle eigedelar			
0	0		Konsesj., patentar, lisensar, varemrk. o.l rettigh.	13	55 060 870	55 180 220
2 220 210	1 354 035	10	Utsatt skattefordel	10	0	0
0	0		Goodwill	13	8 079 573	10 375 952
2 220 210	1 354 035		Sum immaterielle eigedelar		63 140 443	65 556 172
			Varige driftsmidler			
84 847 363	62 024 071	5 12	Tomter, bygninger og annan fast eigedom	12	91 383 600	68 309 046
20 729 006	4 410 130	5 12	Maskinar og anlegg	5 12	250 985 175	181 318 402
0	0		Transportmidlar	12	694 596	779 540
0	0		Driftslausøyre, inventar, verktoy, kont.mask. o.l	12	66 683	75 635
